

Kursleiarar evaluering av ”INFOMEVI 106: Introduksjon til journalistikk, film og fjernsyn, og nye medier”

Introduksjon

INFOMEVI 106 er eit svært viktig kurs på dei praktiske utdanningane våre, trass i at det berre gjev 10 studiepoeng. Kurset har tre tekniske grunnkurs og tre praksisperiodar, fordelt på webdesign, nyheitsjournalistikk og TV-reportasje. Også hausten 2012 føregjekk avviklinga av kurset utan nemneverdige tekniske eller administrative problem, noko som i seg sjølv er ei bragd når innsatsen til 78 studentar, 7 undervisarar og 2 administratorar skal koordinerast gjennom eit heilt semester. Dei fleste involverte har no vore med i fleire år, og denne stabiliteten forklarar truleg at avviklinga kan gå såpass knirkefritt.

Tre år på rad har studentane vist seg samvittigheitsfulle og disiplinerte i det praktiske arbeidet, og dei viser ein ungdommeleg entusiasme og iver som smittar over på stab og gjester. Det er viktig at miljøet på INFOMEVI 106 er godt, for kurset skal setja tonen for heile utdanningsløpet til dei tre gradene, og gje studentane smaken på å læra meir innafor sitt fagområde. Studentevalueringa (sjå nedanfor) bekreftar at studentane sjølve også oppfattar at dei får ein lærerik fyrste smaksprøve på dei tre produksjonsformene me gjev undervisning i, sjølv om dei naturlegvis har ein del kritiske merknader. Desse tek eg opp punkt for punkt nedover.

Når det gjeld arbeidskraft er situasjonen for INFOMEVI 106 sårbar. På grunn av den omfattande praktiske opplæringa treng me innleigd hands-on ekspertise både på journalistikk, fjernsynsproduksjon og nye medier, i tillegg til kursleiarens medverknad. I 2012 var Stig Øvreås medansvarleg for journalistikk, Silje Stenkløv for TV-reportasje og Mats Andersen for webdesign. Denne innsatsen er vesentleg både pga. kompetansebehovet, arbeidsbyrden med rettleiing og evaluering, og for at ikkje alt skal stoppa opp hvis kursleiar vert sjuk eller er bortreist.

Eg har hatt rollen som kursleiar på INFOMEVI106 i fire år, men hausten 2013 skal eg ha forskingstermin og dreg til London. Då vil det trengast ein ny kursleiar. Eg tilrår at kurset likevel har omtrent same form som no. Sjølv om den nye kursleiararen sjølvsagt står fritt til å endra pensuminnretninga og forelesingsinnhaldet, bør han/ho vera forsiktig med å endra på

opplegget for den tekniske opplæringa og praksisen. Kurset er no så sterkt institusjonalisert at det ganske lett kan haldast i same form også hausten 2013 dersom dei same folka er involvert.

Av dei 68 studentane som tok eksamen fylte 46 studentar ut eit evalueringsskjema på siste forelesinga. Skjemaet måtte fyllast ut for hånd, og vart lagt på eit bord i pausen for å sikra størst mogeleg anonymitet. Kodeboka med opplisting av alle data er lagt ved evalueringsrapporten i PDF-form, til glede for dei som måtte ha lyst å studera detaljane. Merk at kodeboka inneheld ei rekkje skriftlege kommentarar frå studentane i tillegg til dei prosentvise oppstillingane.

Av dei 46 som fylte ut skjemaet var det ei stor overvekt av kvinner, med 65 %, sjølv om kjønnsfordelinga ved studiestart var 51 % kvinner. Dette tyder på at det er kvinner som er flinkast til å møta opp på forelesingane, og fylla ut skjemaet. 41 % var studentar på film og fjernsyn, 35 % frå nye medier, og 24 % frå journalistikkfaget. Eg har stilt opp resultatata i tabellar for enklast mogeleg å få med tala frå tidlegare år. Nokon spørsmål er nye denne sesongen, og dei har dermed ikkje ein slik longitudinell dimensjon.

Forelesingar

Har forelesaren god fagleg kompetanse?	2010	2011	2012
Ja	76 %	58 %	61 %
Både og	23 %	42 %	37 %

Har forelesaren god pedagogisk kompetanse?	2010	2011	2012
Ja	60 %	49 %	49 %
Både og	38 %	51 %	46 %

Har forelesingane godt fagleg innhald?	2012
Ja	21 %
Både og	74 %
Nei	4 %

Er forelesingane relevante for praksisen?	2012
Svært relevante	7 %
Akseptabelt	70 %
Lite relevante	24 %

Frå 2011 til 2012 er det ikkje nokon dramatiske endringar i studentane si oppfatning av forelesingane. Difor er det interessant å merka seg at det faktisk var ei dramatisk endring i forelesingsopplegget frå 2011 til 2012. Den besto i at kursleiar no haldt alle forelesingane

sjølv, og gjekk tettare inn på pensum enn nokonsinne før. Tidlegare år har det vore ei rekkje gjesteforelesingar med folk frå NRK, BA, TV2 og andre verksemder. Årets kull gjev like god score til den reine ”opplæringa” som fjorårets kull gav til dei mykje meir livlige og praksisretta forelesingane. Eg tolkar dette som at kurset kan fortsetja å ha eit klart skulemeisterpreg også neste år, og svara på dei to nye spørsmåla tyder på at forelesingane kan verta endå meir opplæringsprega, både når det gjeld pensumgjengjeving og ei instruerande tilnærming til kva dei bør gjera i praksisen. Dette kan til dømes dreia seg om å forklara i detalj korleis ein skal gå fram for å skriva ein journalistisk tekst etter prinsippet om ”omvendt pyramide”. Eg er fullt klar over at universitetet ikkje har tradisjon for slik undervisning, men det er klart at studentane ynskjer seg meir av det.

Pensum

I 2012 besto pensum av fire lærebøker på til saman 870 sider. Bøkene utfyller kvarandre som introduksjonar til det praktiske nivået i medieproduksjon. Bøkene dannar grunnlag for den kritiske analysen studentane sjølve skal skriva. Pensum vart gjennomgått i detalj på Lars Nyre sine forelesingar, og består av følgjande bøker:

Linda Eide og Lars Nyre (2004) *Radiatoradio. Lyd i journalistikk*. Oslo: Samlaget. 248 sider.

Anders Fagerjord (2008) *Web-medier. Introduksjon til sjangre og uttrykksformer på nettet*. Oslo: Universitetsforlaget. 206 sider.

Kate Kartveit (2008) *TV-journalistikk*. Oslo: Amalie forlag. 195 sider.

Veslemøy Kjendsli (2008) *Rett på sak! Lærebok i praktisk journalistikk*. Oslo: Cappelen Damm. 221 sider.

Er det god samanheng mellom pensumbøkene?	2010	2011	2012
God samanheng	33 %	7 %	26 %
Akseptabel samanheng	54 %	88 %	70 %
Dårleg samanheng	0 %	2 %	2 %

Er pensum passe vanskeleg?	2010	2011	2012
For lett		9 %	9 %
Passe vanskeleg		91 %	87 %
For vanskeleg		0 %	2 %

Gir pensum god oversikt over faget?	2010	2011	2012
God oversikt	44 %	26 %	39 %
Rimeleg oversikt	49 %	72 %	52 %
Dårleg oversikt	2 %	0 %	4 %

Problematiserer pensum praksisrelevante emne?	2012
I stor grad	24 %
I nokon grad	65 %
I liten grad	7 %

Studentane har i to år på rad vore relativt positive til pensum, særleg ved at det store fleirtalet meiner pensum er passe vanskeleg. Men igjen verkar det som dei ynskjer mest mogeleg praksisnære bøker, sjølv om pensum i stor grad allereie er handbøker. Det framgår at fleirtalet ikkje synest bøkene gjev ei skikkeleg god oversikt over faget, eller problematiserer praksisane på ein god nok måte. Men det er heller ingen uttalt misnøye. Det er naturlegvis ein samanheng mellom forelesingane og studentane si oppfatning av pensum. Dersom forelesar gjekk endå meir nøye inn på pensum, ville det truleg framstå som meir fagleg relevant for studentane, og dermed få betre score på spørsmåla ovanfor. Eg synest ikkje desse svara gjev grunnlag for å skrifa ut nokon av pensumbøkene basert på relevans, men det kan henda at det finst nyare utgjevingar som kunne erstatta dei eldste bøkene.

Tekniske grunnkurs

Den fyrste tabellen inneheld berre scoren ”stort utbyte”, fordi det ellers vert forvirrande mange tal når dei vert samanlikna over tre år. Detaljane kan sjåast i PDF-vedlegget.

Stort utbyte av tekniske kurs	2010	2011	2012
Kurs i lyd, kamera, stillbilde	22 %	33 %	35 %
Kurs i redigering for Final Cut Pro	47 %	47 %	33 %
Kurs i nye medier-tema	2 % (blogg)	12 % (grafisk design)	24 % (webdesign)

Dei tekniske grunnkursa fungerer godt. Lyd/kamera/stillbilde held seg stabilt populært, medan kurset i nye medier-tema vert meir populært for kvar endring me gjer. Kurset i redigering har gitt litt mindre utbyte for årets studentar enn fjorårets, men dette kan skuldast det store kullet, som gjorde at det vart trøgt på Mac-labben, og ekstra krevande for ein ung, uerfaren faglærer å få alle til å verta nøgde. Rett nok er prosentandelen som svarer ”stort utbyte” ikkje imponerande for nokon av kursa, men det er til gjengjeld svært få som svarer ”dårleg utbyte” (sjå vedlegget).

Spørsmålet nedanfor vart introdusert i 2012, og oppsettet har difor ikkje nokon samanliknande dimensjon.

Kva relevans har kurset for utdanninga?	Stor	Nøytral	Lite
Kurs i lyd, kamera, stillbilde	72 %	24 %	4 %
Kurs i redigering for Final Cut Pro	63 %	24 %	13 %
Kurs i webdesign	54 %	22 %	24 %

Her kjem det klart fram at årets studentar synest dei tekniske kursa er klart relevante for utdanningane. Det er framleis kurset i nye medier-fag, i år altså webdesign, som får dårlegast karakter. Trass i desse nyansane så meiner eg at opplegget ikkje treng endrast, men at både rekkefølge, omfang og fagleg innhald kan behaldast mest mogeleg slik det var i 2012. No har kurset funne si form på dette viktige punktet, og endringar vil neppe gjera opplegget betre, men heller forårsaka at ein byrjar på null igjen. Det er imidlertid klart at faglærarane gjerne kan vera endå betre førebudd på det vanskelege arbeidet med å få studentane til å engasjera seg maksimalt i opplæringa.

Praksis

Stort utbyte av praksis	2010	2011	2012
Nyheitsjournalistikk	60 %	58 %	48 %
TV-reportasje	60 %	66 %	30 %
Nye medier-praksis	18 % (blogg)	30 % (grafisk design)	13 % (grafisk design)

Kor godt er praksisen integrert i kurset?	Godt	Nøytralt	Dårleg
Nyheitsjournalistikk	61 %	37 %	2 %
TV-reportasje	43 %	50 %	7 %
Webdesign	13 %	63 %	24 %

Tabellane viser at studentane vert mindre nøgd for kvart årskull som går. Mellom 2010 og 2012 er det til dels stygge endringar i negativ retning når det gjeld kor mange som synest dei har ”stort utbyte”. Men eg er ikkje sikker på om dette kan koblast direkte til kursopplegget vårt. For det fyrste har opplegget vore ganske likt år etter år, bortsett frå nye medier-praksisen. For det andre skjedde det ei viktig endring i gruppesamansetjinga i 2012, og den kan ha påverka oppfatningane til studentane. Tidlegare vart gruppene sett saman heilt tilfeldig, medan me no gjekk over til å dela dei etter bachelorløp. Det kan ha medført den ”sosiale effekten” at journalistikkstudentane til dømes er mest nøgd med journalistikkpraksisen, og mindre nøgd med webdesign, medan nye medier-studentane er mest nøgd med webdesign og ikkje med journalistikk.

Kva synest du om faglærars løpande tilbakemelding?	2010	2011	2012
God	33 %	33 %	35 %
Rimeleg god		56 %	33 %
Dårleg	16 %	9 %	26 %

Kor god var leiinga av praksisen?	Svært god	God	Nøytral	Dårleg	Svært dårleg
Webdesign	0 %	11 %	17 %	35 %	37 %
Journalistikk	30 %	59 %	11 %	0 %	0 %
Video	4 %	54 %	35 %	7 %	0 %

Den øverste tabellen viser at talet på godt nøgde studentar er stabilt, medan kategorien for misnøgde aukar. Det er vanskeleg å akseptera dette som uttrykk for reelle endringar i faglærars tilbakemelding, fordi ressursane til den har auka år for år. Igjen kan det dreia seg om ein effekt av gruppesamansetjinga.

Det andre spørsmålet ovanfor var nytt i 2012, og eg er litt usikker på om det er rettferdig å tolka den svært nøye. Men tala viser i alle fall at leiinga av journalistikkpraksisen fungerer svært godt, medan webdesign også på dette punktet framstår som mest problematisk.

Praksisen knytt til nye medier har alltid vore den vanskelegaste å få til. Det har vorte gjort viktige endringar opp gjennom åra. I 2009 hadde me HTML-praksis, men den fungerte ikkje særleg godt, og difor innførte me praksis i bloggdesign i 2010. Den fungerte heller ikkje særleg godt, og i 2011 prøvde me ut eit kurs i grafisk design. Studentevalueringa viser at heller ikkje dette kurset traff heilt. I 2012 skifta me atter ei gong fokus, denne gongen til ”webdesign”. Erfaringane frå 2012, inkludert studentresponsen på punktet for relevans, viser at dette fungerer mykje betre. Men det er klart at leiinga av kurset får kritikk frå studentane. Eg tilrår at fokuset på webdesign vert behalde også hausten 2013, men det må gjerast endringar i måten faglærer utfører den daglege opplæringa på, enten gjennom at faglærer er mykje meir til stades i undervisningsrommet i undervisningsperioden, eller - hvis dette er uråd for den noverande læraren – at me får ein ny faglærer i webdesign. Trass i blanda respons frå studentane står eg ved at kursopplegget både for dei tekniske kursa og praksisperiodane må fortsetja slik dei er.

Eksamen

Etter ein avskallingsprosess frå opptaket på 78 studentar i august vart det til slutt 68 kandidatatar som følgte alle dei tekniske kursa, gjennomførte praksisane, og leverte inn mappa. Karakterane fordelte seg slik:

Karakter	<i>2011</i>	<i>2012</i>
Bestått	51	66
Ikkje bestått	1	2

Hausten 2011 vart det innført mappeinnlevering, og kravet er som følgjer:

- Eit webdesign; gruppebasert.
- To nyheitsarbeid: eit skriftstykkje og eit pressefoto; individuelt.
- Ein videoreportasje; gruppebasert.
- Rapport med kritisk analyse av produksjonane (5 sider)

Mappestrukturen gjer at faglærarane får meir arbeid med vurdering, for det er svært vesentleg å gje studentane tydeleg tilbakemelding på arbeidet deira. Faglærarane leverer no ei svært grundig fagleg evaluering utover sjølve karakteren. Kvar student fekk ein firedelt individuell respons på innsatsen sin, fordelt på journalistikk (ved Stig Øvreås), grafisk design (Mats Andersen), videoreportasje (Silje Stenkløv og kritisk analyse (Lars Nyre). Evalueringa er på ca. ei side pr. student, og med 68 studentar så er dette eit imponerande arbeid. Merk at denne tilbakemeldinga vert levert lenge etter at studentevalueringa er gjennomført, slik at studentane si meining om ordninga ikkje kjem med i tala. Dette opplegget bør vidareførast i neste hausts opplegg, og bør etter mitt syn også innførast på dei andre praktiske kursa.

I 2011 vart eksamen endra til mappeevaluering med karakteren bestått/ikkje bestått, og ved evalueringa det året ville 58 % ha nettopp denne ordninga. Dei kunne også velja skuleeksamen (ynskt av 2%) eller mappe med bokstavkarakterar (ynskt av 40%). I 2012 spurte eg diverre ikkje dette spørsmålet, og det var ein tabbe fordi eg mistenkjer at svært mange ville ynskt mappe med bokstavkarakter. Dette kjem fram gjennom fritekstkommentarar og samtalar eg har hatt med studentar i haust.

Eg spurte om eksamensomfanget i 2012 var passande, og ein betryggande andel på 89 % svarte at det er passande, medan 7 % svarte at det er for stort, og ingen meinte det er for lite. Det obligatoriske regimet er ganske omfattande på INFOMEVI 106. Både på forlesingar, tekniske kurs og praksis er det opprop og/eller formelle innleveringskrav, og det er beroligande at 83 % synest det likevel er passande, medan berre 11 % synest det er for omfattande og 2 % at det er for lite obligatorisk. Eg konkluderer med at det noverande opplegget bør vidareførast, men at ein bør vurdere å innføra karakter istadenfor bestått/ikkje-bestått.